

ÅRSMELDING 2022
for

KIRKENS SOS BJØRGVIN



Frivillighetskonferansen 2022
muliggjort med støtte fra Sparebanken Vest

ANSATTE VED UTGANGEN AV ÅRET:

Leder May-Irene Wergeland (100%), Nestleder Karl Dag Bærug (100%), Rådgivere: Jan Ingvald Pettersen (80%), Grethe Lunde (60%), Hildegunn Alnes (60%), Margrethe Vedvik (100%)

STYREMEDLEMMER PR 31/12:

Styreleder Helge Kolstad, nestleder Britt Velsvik. Medlemmer: Elisabeth Herdla Halvorsen, Trina Devi, Kåre Offerdal. Vara: Inger Marie Sandsmark Fosse, Ragnhild Ruland, Frivilliges representant: Arild Helle, vara Linda Beate Anthun

ANTALL

■ Frivillige	133
■ Permisjon	33
■ Gjennomførte vakter (på 4,5 t)	2823
■ Telefoner	18 177
■ Chat	3384
■ Meldinger	600

SENTERETS AKTIVITET I 2022

NYE TAKTER I BJØRGVIN

2022 kom og var eit heilt annleis år. Nesten ferdig med korona, og viktige endringar i stab og samfunn. For mange som har bidratt over tid ved senteret, enten som frivillig eller som tilsett, var det eit vesentlig skifte i slutten av mai, då mangeårige leidar, Greta Gramstad, gjekk over i pensjonistenes rekker. Etter 38 år ved roret hadde Greta nærmast blitt Kirkens SOS i Bjørgvin i eigen person, til tross for at ho sjølv alltid framheva frivillige medarbeidarar som senteret sin viktigste ressurs. Greta har styrt Bjørgvin - skuta trygt over både dønningar og stille hav, og har vore uvurderlig i utviklinga av det livskraftige senteret Kirkens SOS i Bjørgvin har blitt. Medarbeidarar uttrykker stor taknemlighet for hennar bidrag gjennom mange år! Etterfølgar er May-Irene Wergeland, familierapeut, prest og diakon. Wergeland kjem frå stilling som spesialkonsulent ved Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølv-mordsforebygging (RVTS vest), og har m.a. også arbeid i Kirkens Bymisjon og Kirkens Nødhjelp.

FEST, FAG OG FORMIDLING

Det viktigaste vi gjer kvar dag er å svare på henvendingar frå menneske som ønsker kontakt på telefon, chat og anonymiserte epostar. Dette er vår første prioritet og målsetjing: å vere ei krisetjeneste av høgste kvalitet innanfor rammene til ein frivillig organisasjon. Det forpliktar når det gjeld opplæring og oppfølging av frivillige, og på samtalekvaliteten med kriseramma. Vi er overmåte imponerte over alle frivillige som brukar fritid på å lindre andre sin smerte. Mange fortel kor mykje dei får igjen for det sjølv, men vi veit at det også kostar innimellom.

Stor takk til alle støttespelarar og alle frivillige som gjer denne tenesta mulig! Saman reddar vi liv. Det er mykje, som frivillig teneste. Og vi får bety noko for mange menneske.

Forutan å drive kriseteneste heldt vi også foredrag, fagsamlingar og informasjonsvirksomheit, og deltek i fagutvikling. I mai hadde vi ei flott sommarfest der frivillige,

tilsette og samarbeidspartnarar fekk feire og takke Greta av etter 38 år. Ellers har vi halde kurset «God å snakke med» fleire stader eksternt, hatt foredrag på konferanse arrangert av Leve og RVTS Vest, halde informasjonskvelder for psykologstudantar, menigheiter og folkehøgskolar, og hatt stand på flere relevante arrangement. Vi har deltatt i nettverket «Diakoni i Bjørgvin» og arrangert fagdag om frivillighet. Vi deltok i diakonitvalget i Bjørgvin Bispedømme, og på fleire av RVTS sine fagkonferansar,





**VIKTIGE STØTTESPELARAR
FOR ARBEIDET VÅRT ER
BLANT ANDRE:**



Vestland
fylkeskommune



BERGEN
KOMMUNE

samt at vi har deltatt i arbeidet med Bergen Kommune sin handlingsplan mot sjølv mord. Internt har vi halde fagsamlingar og refleksjonsgrupper for frivillige om temåene spiseforstyrningar, sorg og tap, og vi har hatt studentar i praksis både frå Høgskolen på Vestlandet (7) og frå Norsk Lærarakademi (3). Eit virkelig høgdepunkt også for Bjørgvin var Kirkens SOS sin egen frivilligkonferanse i Oslo i November. Her var kombinasjonen av fag, fellesskap, inspirasjon og utvikling i særklasse, og vi kom begeistra og berika tilbake. Stor takk til Sparebanken vest som finansierte deltaking på denne konferansen.

ØKONOMI

2022 var eit ekstraordinært år når det gjeld stab og økonomi. Sykepenge-refusjon er utelukkande grunnen til at fjorårets budsjett gjekk i pluss, då vi hadde reduksjon i fleire av andre finansieringskilder, og opplever ein usikker situasjon med tanke på statsstøtte vidare.

VARIGE ENDRINGAR?

Frivillige medarbeidarar er senteret sitt gull! I år starta 32 nye frivillige i Bjørgvin, og det er stor glede over alle som vil arbeide sammen om det viktige oppdraget til Kirkens SOS. Mange tar no vakter heimefrå, og opplæring av nye medarbeidarar skjer også digitalt. Vi ser at ingenting trumfar fysisk kontakt for å bli kjent, bygge kompetanse, støttande kultur og veiledning. Samtidig gir det digitale også gode muligheiter til å delta på felles fagsamlingar, til å ta vakter på tidspunkt og i omfang mange medarbeidarar ellers ikkje kunne gjort.

Å møte unge på plattformer dei gjerne brukar (chat) er eit nødvendig supplement til telefon-tjenesta Kirkens SOS er mest kjent for. Vi ønsker og treng å bygge ut chatte-tjenesta vår for å møte behova særlig unge har.

ØKONOMI

INNTEKTER

KIRKELIG STØTTE	628 515 KR
OFFENTLIG STØTTE, DERAV*	3 826 181 KR
Statstilskudd	2 028 096 KR
Fylkeskommuner	300 000 KR
Kommuner	1 198 635 KR

ANDRE INNTEKTER, DERAV*	976 554 KR
Stiftelser/legater	200 000 KR
Næringsliv	630 000 KR
Voksenopplæringsmidler	52 770 KR
Gaver	30 475 KR

SUM INNTEKTER 5 431 250 KR

UTGIFTER

LØNSSKOSTNADER	3 572 130 KR
ANDRE DRIFTSKOSTNADER	1 363 379 KR
SUM UTGIFTER	4 935 509 KR

ÅRSRESULTAT 495 741 KR
(resultatet er irregulært grunna refusjon av sykepengar)

*Tabellen inkluderer nokre underpostar, men ikkje samtlige.

**«Takk for at dere lyttet da ingen andre
gjorde det. Takk for at dere tok telefonen
da jeg som mest trengte det.»**

Tilbakemelding fra innringer.



ALLTID ET MEDMENNESKE Å SNAKKE
MED NÅR LIVET ER VANSKELIG